

Prop. 30 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 21. november 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Samandrag

Under programområde 02 Utanriksforvaltning blir det gjort framlegg om netto reduksjonar på 250 mill. kroner. Endringane er knytta til auka utgifter til kontingentar i internasjonale organisasjonar (+ 44,3 mill. kroner) og reduserte utgifter under EØS-avtalen (- 294 mill. kroner).

Under programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp blir det gjort framlegg om omfordelingar på 328,7 mill. kroner for å finne rom for auka løyvingar til humanitære tiltak i m.a. Irak, Syria og Sør-Sudan, kampen mot ebola og auka løyvingar til flykntingiltak i Noreg.

2 Forslag til løyvingar

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

I saldert budsjett 2014 er det løyvd 1 195,7 mill. kroner til pliktige kontingentar i internasjonale organisasjonar Noreg er medlem i. Etter at 2014-budsjettet vart vedteke er det kome enkelte endringar i kontingenten for 2014, m.a. grunna endra valutakursar.

Meirbehovet er i hovudsak relatert til endra kontingentar til Nordisk ministerråd (+17,3 mill. kroner), NATO (+14,3 mill. kroner), Europarådet (+6 mill. kroner), EFTA og ESA (+4,1 mill. kroner) og OECD (+3,4 mill. kroner).

Det blir gjort framlegg om auka løyvingar på netto 44,3 mill. kroner.

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

Samla blir det foreslått ein reduksjon i løyvingane under kap.117 EØS-finansieringsordningane på 294 mill. kroner på følgjande postar:

Post 75 EØS-finansieringsordninga 2009-2014, kan overførast

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 52 mill. kroner

Post 76 Den norske finansieringsordninga 2009-2014, kan overførast

Det blir gjort framlegg om reduksjon i løyvinga på 242 mill. kroner.

Løyvinga på kap. 117, post 75 *EØS-finansieringsordninga 2009-2014* er på 1 790 mill. kroner og post 76 *Den norske finansieringsordninga 2009-2014* er på 1 520 mill. kroner i 2014. Inkludert ubrukt løyving overført frå 2013 og tilleggsloyving

i RNB 2014 utgjer disponible midlar på post 75 i alt 2 021 mill. kroner og post 76 i alt 1 677 mill. kroner.

Noreg, Island og Liechtenstein sitt sekretariat for EØS-finansieringsordningane i Brussel, Financial Mechanism Office (FMO), har utarbeidd nye prognosar for 2014. Dei nye prognosane tilseier at løyvingane i år kan reduserast med om lag 52 mill. kroner under post 75 og om lag 242 mill. kroner under post 76; i alt ein reduksjon på 294 mill. kroner.

Per oktober 2014 er alle 150 programma godkjende av gjevarane og ordningane for perioden 2009-2014 er no inne i gjennomføringsfasen. Dette gjer prognosane for utbetalingane noko sikrare enn tidlegare rekna med. Det er likevel forhold som gjer at utbetalingane til land eller program kan stoppe opp. Eit eksempel på dette er suspensjonen av ordningane i Ungarn. Suspensjonen gjer at det truleg ikkje blir utbetalningar til Ungarn i 2014 utanom dei to programma der FMO er programoperatør. Sidan det ikkje blir utbetaling under den norske ordninga for Ungarn under kap. 117, post 76 i år, kan løyvinga på posten reduserast. I tillegg er gjennomføringa av programma forseinka i fire av landa: Bulgaria, Polen, Romania og Latvia.

Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

Det blir i denne proposisjonen foreslått 249 mill. kroner i auka løyvingar til humanitære tiltak i m.a. Irak, Syria og Sør-Sudan og 27 mill. kroner til kampen mot ebola. I tillegg blir det gjort framlegg om 52,4 mill. kroner i auka løyving til ODA-godkjente flyktningtiltak i Noreg, jf. omtale under kap. 167.

Til finansiering av dei føreslåtte tilleggsløyvingane er det identifisert ledige midlar som ikkje blir utbetalte i inneverande år som følge av forseinkingar m.m. i enkelte prosjekt og program, midlar som såleis kan omdisponerast til akutte humanitær tiltak i år.

Forslag til auka løyvingar

Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar

Post 71 Humanitær hjelp, kan overførast

Det er stort behov for akutt humanitær innsats til naudlidande i m.a. Irak, Syria og Sør-Sudan.

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 249,3 mill. kroner.

Auken i den humanitære løyvinga blir foreslått dekkja inn ved reduksjonar på andre postar, jf. omtale under forslag til reduksjonar.

Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar

Post 72 Samfinansiering via finansinstitusjonar, kan overførast

Det er stort behov for hjelp til kampen mot ebola. Det blir difor gjort framlegg om at løyvinga på posten blir auka med 27 mill. kroner. Midlane blir foreslått overført til tiltak i regi av Verdsbanken.

Tilleggsløyvinga blir foreslått finansiert ved tilsvarende reduksjon i løyvinga på kap. 172, post 70 Gjeldslette, betalingsbalansestøtte og kapasitetsbygging.

Kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Etter OECD/DAC sitt regelverk kan opphaldsutgifter m.m. det første året for flyktingar og asylsøklarar klassifiserast som offisiell utviklingshjelp.

Som følge av auka tilstrøyming av asylsøklarar og flyktingar til Noreg er det behov for auka løyvingar. Det blir i denne samanhengen vist til omtale i proposisjonane til Justis- og beredskapsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet som har ansvaret for dette feltet.

Det blir i denne proposisjonen gjort framlegg om ei tilleggsløyving på 52,4 mill. kroner.

Forslag til reduksjonar

Kap. 151 Utviklingshjelp til Asia

Post 73 Regionale tiltak og strategiske partnerskap Asia, kan overførast

Pga. forseinkingar i prosjektsamarbeid med ASEAN¹ kan 25,7 mill. kroner av løyvinga på posten omdisponerast til andre tiltak.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 25,7 mill. kroner.

Post 78 Regionløyving for Asia, kan overførast

Det kan omdisponerast 6 mill. kroner av løyvinga på posten på grunn av svak framdrift i «Multi-Donor Trust Fund for the South Asia Water Initiative (SAWI)» som medfører at enkelte utbetalningar først skjer i 2015.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 6 mill. kroner.

¹ Association of South-East Asian Nations

Kap. 161 Næringsutvikling*Post 70 Næringsutvikling, kan overføres*

Enkelte tiltak, i regi av Norfund og Norad, med planlagt utbetaling i år er utsette til 2015.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 6,5 mill. kroner.

Kap. 163 Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar*Post 70 Naturkatastrofar, kan overføres*

Det er noko ledige midlar på post 70 Naturkatastrofar som kan omdisponerast til andre bistands-tiltak ovanfor.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 30 mill. kroner.

Kap. 165 Forsking, kompetanseheving og evaluering*Post 71 Fagleg samarbeid, kan overføres*

Det blir foreslått at ledige midlar på posten blir omdisponerte til akutte humanitære hjelpetiltak, jf. omtale under kap. 163, post 71 ovanfor.

Dei ledige midlane har m.a. samanheng med at enkelte planlagde tiltak i Ghana er utsett, og regionale møter er avlyst grunna ebolautbrotet. Det er vidare svak framdrift på fleire avtalar i India og forseinkingar innanfor fiskerisamarbeid og petroleumssektoren i Angola.

I tillegg vart eit forholdsvis stort beløp (67 mill. kroner) overført frå 2013 til 2014. Mindreforbruket i 2013 skuldast m.a. kapasitetsproblem hjå norske samarbeidspartnarar og forseinking i oppstart av programaktivitetar.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 72 mill. kroner.

Kap. 166 Miljø og berekraftig utvikling*Post 70 Ymse tilskot, kan overføres*

Løyvinga på denne posten skal brukast til nye utviklingstiltak det ikkje er budsjettert med i budsjettet.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 5 mill. kroner.

Post 71 Internasjonale prosessar og konvensjonar, kan overføres

Det er noko udisponerte budsjettmidlar på posten i år som kan omdisponerast til andre tiltak.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 10,5 mill. kroner.

Post 74 Fornybar energi, kan overføres

Det er noko udisponerte budsjettmidlar på posten i år som kan omdisponerast til andre tiltak.

Reduksjonsforslaget er knytta til desse tiltaka:

- Ein reduksjon på 70 mill. kroner skuldast svak framdrift på energiprojektet Fula Rapids i Sør-Sudan pga. borgarkrigen sist vinter.
- Ein reduksjon på 50 mill. kroner er knytta til utsett overføring til Climate Investment Funds (CIF) Dedicated Private Sektor Program (DPSP), ein investeringsfasilitet administrert av Verdsbanken med vekt på rein energi.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 120 mill. kroner.

Kap. 168 Kvinner og likestilling*Post 70 Kvinner og likestilling, kan overføres*

Det er noko ledige midlar i år grunna forseinkingar i enkelte prosjekt. Regelverket tilseier at tilskotsmidlane skal betalast ut etter behov.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 26 mill. kroner.

Kap. 172 Gjeldslette og gjeldsrelaterte tiltak*Post 70 Gjeldslette, betalingsbalansestøtte og kapasitetsbygging, kan overføres*

Det blir gjort framlegg om 27 mill. kroner i auka løyvingar til tiltak mot ebola, jf. forslag omtalt under kap. 171, post 72 ovanfor.

Tilleggsloyvinga blir foreslått finansiert ved tilsvarende reduksjon i udisponerte midlar i år på kap. 172, post 70 Gjeldslette, betalingsbalansestøtte og kapasitetsbygging.

Det blir gjort framlegg om ein reduksjon i løyvinga på 27 mill. kroner.

Andre saker – budsjettstøtte Ukraina

I samband med handsaminga av Prop. 93 S (2013–2014) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2014* vart løyvinga til Ukraina under kap. 164, post 73 Andre ODA-godkjente OSSE-land auka med 110 mill. kroner. Formålet med støtta er å hjelpe til i den svært vanskelege politiske og økonomiske situasjonen som Ukraina er i. Regjeringa har, sidan den politiske turbulensen braut ut, gitt breid politisk støtte til Ukraina og intensivert den politiske kontakten. Regjeringa har vidare uttrykt vilje til å yte omfattande og målretta hjelp til reformprosessen i Ukraina. Dette arbeidet er godt i gang. Norsk bilateral prosjektstøtte er konsentrert innanfor sektorane tryggingssktor- og rettsstatsreform, energi og atomtryggleik, og handels-tilpassing og europeisk integrasjon. Dette er prioriteringar i tråd med dei ukrainske styresmaktene sine ynskje. Ukrainske styresmakter har også behov for makroøkonomisk støtte for å dekkje landet sine finansieringsbehov. For å komme dette behovet i møte er det difor foreslått å gi budsjettstøtte på 100 mill. kroner i 2014.

Det er høg risiko knytta til budsjettstøtte, men det blir lagt til grunn at Noreg kan akseptere

same risiko som IMF og Verdsbanken. Styresmaktene i Ukraina er avhengige av økonomiske hjelp og tillit frå utlandet, og vil ha eit sterkt insentiv til å gjennomføre reformprogramma.

Utanriksdepartementet har etter grundig vurdering konkludert med at vilkåra for å gi budsjettstøtte er til stades. Budsjettstøtte gis i samarbeid med Verdsbanken. Dette inneber ein norsk bilateral avtale med Ukraina, der budsjettstøtta er forankra i Verdsbanken sitt policy-program og -prosessar. Den norske staten ber risikoen knytta til utbetalingar, ettersom støtta ikkje blir kanalisert gjennom IMF eller Verdsbanken. Risikoen blir redusert ved at avtalen set som vilkår at IMF og Verdsbanken skal ha godkjent framdrifta i IMF's og Verdsbankens reformprogram for Ukraina, før norsk budsjettstøtte blir utbetalt. Vilkåret tilseier at budsjettstøtte først blir utbetalt når IMF sitt styre har godkjent andre og tredje gjennomgang av framdrifta.

Budsjettstøtteavtalen er eittårig, med moglegheit for ny støtte i 2015 og 2016, forutsett Stortingets godkjenning. Vedtak om forlenging vil vere basert på ei løpande risikovurdering og avhengig av framdrifta i Verdsbanken sitt program.

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Utanriksdepartementet

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2014 under Utanriksdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2014 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, vert auka med..... frå kr 1 195 697 000 til kr 1 239 997 000	44 300 000
117		EØS-finansieringsordningane	
	75	EØS-finansieringsordninga 2009-2014, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 1 950 000 000 til kr 1 898 000 000	52 000 000
	76	Den norske finansieringsordninga 2009–2014, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 1 660 000 000 til kr 1 418 000 000	242 000 000
151		Utviklingshjelp til Asia	
	73	Regionale tiltak og strategiske partnerskap Asia, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 50 000 000 til kr 24 300 000	25 700 000
	78	Regionløyving for Asia, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 285 000 000 til kr 279 000 000	6 000 000
161		Næringsutvikling	
	70	Næringsutvikling, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 219 000 000 til kr 212 500 000	6 500 000
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naturkatastofar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 517 500 000 til kr 487 500 000	30 000 000
	71	Humanitær hjelp, <i>kan overførast</i> , vert auka med..... frå kr 2 561 222 000 til kr 2 810 523 000	249 301 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
165		Forsking, kompetanseheving og evaluering	
	71	Fagleg samarbeid, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 415 900 000 til kr 343 900 000	72 000 000
166		Miljø og berekraftig utvikling m.m.	
	70	Ymse tilskot, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå kr 5 000 000 til kr 0	5 000 000
	71	Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m., <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 23 000 000 til 12 500 000	10 500 000
	74	Fornybar energi, <i>kan overførast</i> , vert redusert med..... frå 1 290 335 000 til kr 1 170 335 000	120 000 000
167		Flyktingtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 704 190 000 til kr 1 756 589 000	52 399 000
168		Kvinner og likestilling	
	70	Kvinner og likestilling, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 313 500 000 til kr 287 500 000	26 000 000
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	72	Samfinansiering via finansinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 579 500 000 til kr 606 500 000	27 000 000
172		Gjeldslette og gjeldsrelaterte tiltak	
	70	Gjeldslette, betalingsbalansestøtte og kapasitetsbygging, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 250 000 000 til kr 223 000 000	27 000 000

